



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar

Hildegunn Furdal

Tlf. direkte innval

906 78 429

Vår ref.

2018/2560-24

Dato

25.02.2020

Orientering flaumfaresonekartlegging Guddalselva

I Kvinnherad er det fleire elvestrekningar (13 elver) som Kvinnherad kommune vurderer å ha særleg fare for skadeflaum. Våren 2019 bestilte kommunen flaumfaresonekartlegging for 3 nye elver: Guddalselva, Omvikdalselva (Storelva) og Bondhuselva. Rapportane er utarbeida av Norconsult AS.

Det er gjort utrekningar for flaum med gjentaksintervall på 20-, 200- og 1000 år, inkludert klimapåslag. Flaumstorleikane er utrekna med utgangspunkt i frekvensanalysar som er gjort på nærliggjande og representative vassmerker, som vidare er kontrollert av NIFS formelverk (nasjonalt formelverk for flaumutrekning i små nedbørsfelt). Vasstandsstiging er utrekna ved bruk av ein 2-dimensjonal hydraulisk modell i dataprogrammet HECRAS, høgdedatum NN2000. Les meir om metoden i rapporten som er tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Dette brevet går ut til alle eigarar av bygningar som ligg i ein flaumsone som ikkje er i tråd med Teknisk forskrift (TEK17). Eigarar av bustader og fritidsbustader er på førehand prøvd kontakta og informert om stoda. Under finn de ei oversikt over kva tiltak som er tillate i dei ulike flaumsonene, basert på tek 17 kap. 7.

Gjentaksintervall	Lovlege tiltak (preaksepterte ytingar)	Døme
1/20	-	-
1/200	F1	Garasje, lagerbygning med lite personopphald
1/1000	F2	Bustad, fritidsbustad, campinghytte, garasjeanlegg, brakkerigg, kontorbygning, industribygg, driftsbygning i landbruket – kritiske samfunnsfunksjonar bli ikkje sett på spel.
Utanfor flaumfaresone	F3	Bygningar for sårbare grupper (t.d. sjukeheim), bygningar som skal fungere i lokale beredskapssituasjonar (sjukehus,

		brannstasjon, politi...), avfalldeponi der oversymjing kan gje ureiningsfare
--	--	--

Klimaprofilen viser at det er forventa meir styrtnedbør i framtida, og med bakgrunn i dialog med NVE, er klimapåslaget sett til 40 %, altså konservativt og faresonene blir større enn utan påslaget. Eit premiss for utrekningane, er at elveførebyggingane held.

Til forskjell frå ras, er flaum meir føreseieleg og det er mogleg å gjere tiltak før det er venta store nedbørsmengder.

Oversikt over bygningar på Seim som kan bli råka av flaum i framtida:

Gnr. bnr.	Adresse	Bygningstype/bruksområde	Gjentaksintervall
91/48	Seimsvegen 116	Industri	Q20
91/134	Seimsvegen 126	Butikk	Q20
91/6	Guddalsvegen 3	Bustad	Q20
91/6	Guddalsvegen 5	Bustad	Q20
91/6	Guddalsvegen 7	Bustad	Q20
91/6	Guddalsvegen 9	Bustad	Q20
94/4	Naterstadvegen 12	Bustad + driftsbygning	Q20
93/22	Guddalsvegen 105	Bustad	Q20
91/38	Guddalsvegen 2	Forsamlingshus	Q200
93/23	Guddalsvegen 103	Fritidsbustad	Q200
91/138	Guddalsvegen 4	Bustad	Q1000
91/7	Seimsvegen 130	Bustad	Q1000
91/27, 25, 26	Seimsvegen 136, 140	Byggevarehus	Q1000

Alle rapportane finn de i sin heilskap på heimesida til Kvinnherad kommune. Har de spørsmål knytt til rapportane, ta kontakt med Hildegunn Furdal på telefon 906 78 429 eller på e-post hildegunn.furdal@kvinnherad.kommune.no.

Med helsing

Hildegunn Furdal

Rådgjevar

Brevet er handsama elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Mottakarar:

PALFINGER MARINE SAFETY AS

Kirsten Alise Aadland

Tørris Skaaluren

Helge Meidell

Endre Mehl

Kåre Eik

Inger Berge Eik

Målfrid Karin Naterstad

Svale Naterstad

Mottakarar:

Ståle Døssland Richardsen

GUDDALSDALEN FORSAMLINGSHUS

Åshild Olsen

Elin Bjørke

Norvald Bjørke

Erik Aadland

Agnethe Brekke

KVINNHERAD BYGG EIENDOM AS